

## Årsrapport 2020 og 2021

Årsmøtet til venneforeininga blei avlyst i 2020 grunna covid19. I 2021 blei eit årsmøte avhald den 16. september 2021, på Ryfylkemuseet på Sand. 8 medlemmar møtte. Før sjølv årsmøtet inviterte museet til ei forteljarstund med Anne Elisebeth Skogen.

Etter årsmøtet 2019 har desse sete i styret for venneforeininga:

Einar Berge, Strand, leiar, for eitt år  
Kristoffer Nødland, Sauda, styremedlem, til 2021  
Ellen Jensen Roalkvam, Suldal, styremedlem, til 2020

Varamedlemene er:  
Solveig Sande, Kvitsøy  
Annfrid Halsne, Suldal  
Varamedlemene er begge valde for eitt år.

Venneforeininga sine representantar i museumsstyret:

Audun Rake, Strand, til 2021  
varamedlem Anne Brit Solland, Sauda, til 2021  
Kristoffer Nødland, Sauda, til 2020  
Varamedlem Lars Olav Fatland, Suldal, til 2020

Valnemnda etter årsmøtet har vore:

Mikkel Havrevoll, Suldal, til 2020  
Terjer Hilde, Finnøy, til 2021

Det blei ikkje gjennomført nytt val i 2021, fordi det innkallinga ikkje var etter reglementet og valkomiteen hadde ikkje lagd fram innstilling. I staden blei alle ståande, og det skal gjennomførast val i 2022.

Årsmøtet 2021 til *Forbundet for norske museumsvenner* var i Lillehammer. Styreleiaaren vår, Einar Berge, deltok og fortalte om gjevande og interessante dagar.

Sjå <https://www.museumsvenner.no/> for meir informasjon.

I 2021 hadde styret i venneforeininga tre møte, 29. mars, 16. september, og 28. oktober.

I 2020 blei det to styremøte, 24. februar (fysisk) og 10. september (digitalt). Det var elles ikkje aktivitet i venneforeininga i 2020.

Styret diskuterte i 2021 vedtektena, og kom fram til at enkelte formuleringar ikkje lenger var tidsmessige. Difor skal forslag til vedtektsendringar bli lagd fram under årsmøtet i 2022.

Også organisasjonsforma til venneforeininga blei diskutert, og museet blei bedt om ei utgreiing av ulike moglegheiter. Styret vil legge dette fram for årsmøtet.

## Førerels rekneskap 2021

INNTEKTER	2021	2020
Medlemspengar	103 400	112 900
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>103 400</b>	<b>112 900</b>
UTGIFTER		
Folk i Ryfylke	63 375	72 434
Kontorrekvisita	1 314	3 993
Distribusjonskostnada	8 282	4 209
Annonsar	1 314	
Reiser		
Servering	611	
Kontingent FNM	800	1 200
Andre utgifter		
<b>SUM UTGIFTER</b>	<b>75 696</b>	<b>81 836</b>
Resultat	27 704	31 064

Rekneskapen til Venneforeininga blir ført som prosjektrekneskap i rekneskapen til Ryfylkemuseet. Rekneskapen blir revidert av revisjonsfirmaet Deloitte.

## Vil du følgje med på kva Ryfylkemuseet driv med?

Følg med på heimesida:

[www.ryfylkemuseet.no](http://www.ryfylkemuseet.no)

Her finn du blant anna nyhende, arrangement, opningstider, nettutstillingar, mm.

Følg oss på Facebook:

Vi er også på [Facebook](#). Søk på Ryfylkemuseet og trykk på "Liker" når du får opp sida, så vert du løpende oppdatert på nyhende frå museet.



Medlemskontingenten til venneforeininga støttar utgjevinga av årboka til Ryfylkemuseet.

## Venneforeininga

Venneforeininga til Ryfylkemuseet vart skipa 27. mars 2007. Før den tid hadde museet hatt direkte medlemsskap, men ei endring i stiftingslova gjorde at dette ikkje lenger var mogleg, og det vart skipa ei eiga venneforeining.

Venneforeininga hadde 297 medlemmar ved utgangen av 2020.

Venneforeininga "skal vera til hjelp og støtte for arbeidet ved museet, og skal [...] arbeide for å fremje formålet til museet". Medlemmar betalar ein årleg medlemskontingent, som primært skal brukast til «til produksjon og utsending av årboka». Medlemmar får årboka "Folk i Ryfylke" og fritt tilgjenge til museet i dei ordinære opningstidene.

Ved sida av støtte til utgiving av årboka er medlemmane eit viktig fundament for drifta av museet. Lokalt kan medlemmane i venneforeininga vera til god hjelp med praktiske oppgåver av ulike slag. Ta gjerne kontakt med museet for meir informasjon.



## Invitasjon til årsmøte i Venneforeininga til Ryfylkemuseet

Venneforeininga til Ryfylkemuseet held årsmøte på Ryfylkemuseet på Sand

**Torsdag, 10. februar, kl 1600**

Sakliste årsmøte:

- 1/22: Godkjenning av innkalling og sakliste
- 2/22: Val av møteleiar, skrivar og to til å underskriva protokollen
- 3/22: Val
- 4/22: Årsmelding og orientering om rekneskap
- 5/22: Kontingent
- 6/22: Organisasjonsmodell og vidare drift
- 7/22: Framlegg om endringar i vedtekten
- 8/22: Eventuelt

Saksframlegg og sakspapira kan du laste ned på Heimesida til Ryfylkemuseet etter 28. januar.

Det blir enkel servering.

Etter årsmøte inviterer museet til eit lite bokbad med bygdebokskrivaren Ernst Berge Drange.

Vel møtt!